

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

Trondheim, 11.05.2021

Dykkar ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
2021/320

Sakshandsamar:  
Heidi Grete Betten

## Tilsegn - Statleg medverknad til sikring og istandsetting av Botnasanden del av gnr. 28 bnr. 1 og gnr. 28 bnr. 13 i Volda kommune som friluftslivsområde for ålmenta

Vi viser til Volda kommune sin søknad av 08.01.2021 og Møre og Romsdal fylkeskommune sin uttale ved vedtak av 22.03.2021.

Kommunen søker statleg medverknad til sikring og grunnleggande istandsetting av Botnasanden, totalt kr 867.880,-.

Søknaden tilfredsstillar *delvis* dei kriteria som er sett for statleg medverknad til sikring og grunnleggande istandsetting.

Miljødirektoratet gir med dette tilsegn om inntil **kr. 791.200,-** til sikring og grunnleggande istandsetting av området. Tilsegna er avgrensa til å dekkje inntil 50 % av omkostningane ved sikringa (kart- og delingsforretning og tinglysing) og istandsettingskostnadane. Det er føresett at meirverdiavgift er trekt ifrå kostnadane som er oppført til grunnleggande istandsetting. Det blir òg føresett at eventuelle nødvendige løyve frå offentlege myndigheiter til å utføre istandsettingstiltaka blir innhenta av tiltakshavar.

### Grunngjeving for tilsegna

Botnasanden er eit etablert friluftslivsområde og ein mykje brukt badeplass ved austre del av Rotevatnet, ikkje langt frå kommunesenteret i Volda. Det som er søkt sikra er ein del av gnr. 28 bnr. 1 på om lag 13,8 daa og gnr. 28 bnr. 13 på om lag 2,3 daa, til saman drøye 16 daa. Kommunen har i fylgje søknaden jobba lenge for å kome fram til ein minneleg avtale for å få offentleg råderett over området og slik få sikra området, tilrettelegge det betre og handtere betydeleg bruk på ein god måte. Det inngår istandsettingstiltak i sikringssøknaden.

Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår statleg medverknad til sikring og istandsetting som omsøkt. Fylkeskommunen legg på vekt på nærleiken til større bustadområde, og at området er

kartlagt og verdsett som eit svært viktig friluftslivsområde. Det er og sett av til føremålet i overordna plan og reguleringsplan.

Miljødirektoratet støttar dei vurderingane som er gjort og er positiv til statleg sikring av Botnasanden. Vi har likevel merknader til saka som gjer at vi ikkje kan gje tilsegn om det beløpet det er søkt om på grunn av vederlaget kommunen har avtalt for ervervet.

Miljødirektoratet har eit nasjonalt ansvar for å forvalte tildelte økonomiske rammer på ein forsvarleg måte og kan ikkje medverke til prisdrivande avtalar. For ubygde areal sett av til friluftslivsføremål i plan skal som regel landbruksverdien vere utgangspunkt for erstatning – dette er fastsett gjennom ei rekkje avgjerder ved rettslege skjønn (dersom ikkje differansevurderingar eller såkalla strøkspris er relevant). Sannsynlegvis ligg landbruksverdien i dette tilfellet godt under kr 5,- per m<sup>2</sup>. Ved sikring/kjøp av friluftslivsområde kan ein enkelte gongar strekkje seg litt ut over strikt kvadratmeterpris for å oppnå frivillige avtalar, og for små areal kan rundsummerstatning vere aktuelt. For eit så stort areal som 16 daa vurderer vi det derimot slik at 8,-/m<sup>2</sup> er for høgt til at staten kan medverke, og her har kommunen allereie inngått avtale med grunneigarane.

Ut ifrå vurderingane som er gjort om at dette er eit viktig nærmiljøområde å sikre og tilrettelegge, vil likevel Miljødirektoratet akseptere statleg sikring, sjølv om vi ikkje kan medverke økonomisk til å dekkje kompensasjonen kommunen har avtalt. Botnasanden kan bli eit statleg sikra friluftslivsområdet ved såkalla vederlagsfri omgjerding, som vanlegvis er sikringsforma som er nytta ved etablerte kommunale friområde. Vederlaget for arealet blir teke ut av tilsegna, men Miljødirektoratet kan medverke til å dekkje inntil 50 % av omkostningane, dvs. inntil kr. 23.700,-. Ordninga dekkjer ikkje kommunane si arbeidstid med sikringssaka.

Statlege midlar til tilrettelegging av sikra friluftsområde blir fyrst og fremst tildelt frå fylkeskommunen. I samband med sikring av område kan direktoratet likevel enkelte gongar medverke økonomisk til grunnleggande istandsetting som blir vurdert som nødvendig for at området skal vere tilgjengeleg for ålmenta. Direktoratet sitt høve til å medverke til denne type tiltak vil vere avhengig av budsjettssituasjonen. I denne saka kan vi ut ifrå dette støtte opparbeiding av parkeringsareal, tilkomst til badeplassen og informasjonstavle med inntil 50% av kostnadene ekskl. mva., dvs. inntil kr. 767.500,- som omsøkt til tiltaka.

### **Grunneigar etter gjennomført sikring**

Grunneigar etter gjennomført sikring blir Volda kommune, medan staten ved Miljødirektoratet blir rettshavar, jf. dokumentasjonskrava under.

### **Dokumentasjonskrav for utbetaling av tilsegna**

1. Kopi av tinglyst skøyte
2. Panteattest som viser at eigedomen er fri for økonomiske hefte, og andre tinglyste hefte som kan hindre eller vanskeleggjere utnytting av eigedomen til friluftslivsføremål
3. Matrikelutskrift med tilsvarande opplysningar som i tidlegare målebrev
4. SOSI-fil som viser kun det sikra friluftslivsområdet si ytre grense (bruk kystkontur der området ev. grensar mot sjø). Fila skal elles vere reinska for andre opplysningar (som interne eigedomsgrenser, høgdekurver, bygningar osv.).

5. Stadfesting av at fylgjande fråsegn er tinglyst på eigedomane: "*Eigedomen gnr. ... bnr. ... i ... kommune kan ikkje nyttast til anna enn friluftslivsføremål utan samtykke frå staten v/Miljødirektoratet*". Direktoratet sitt føretaksnummer er 999 601 391.
6. Stadfesting på at istandsettingstiltaka er utført, samt rekneskap over dei ulike delkostnadane. Eventuell meirverdiavgift skal vere trekt ifrå i rekneskapen. Rekneskapen skal vere stempla og signert av person med slik myndigheit i kommunen.
7. Ein forvaltningsplan som viser planlagde tilretteleggingstiltak i området. Mal for forvaltningsplan er lagt ut på Miljødirektoratet sine nettsider.

Rettleiar om oppfylging av innvilga søknad og informasjon om vilkårsdokumenta er lagt ut på Miljødirektoratet sine nettsider: Gå inn på [For myndigheter](#) på framsida, og så [Friluftsliv](#).

Vi gjer merksam på at tilsegna vil bli trekt tilbake dersom saka ikkje er avslutta innan **15.08.2023**.

Vi ber om at dialogen med Miljødirektoratet blir vidareført under gjennomføring av saka dersom det oppstår tvil om føresetnadane for tilsegna kan vere endra. Det kan til dømes vere ved endringar av kostnadar, arealstorleik eller innhald i avtalar.

Miljødirektoratet og/eller Riksrevisjonen kan sette i verk kontroll av om midlane er nytta i samsvar med føresetnadane. Vi føresett at kostnadane blir ført slik at det er mogleg å ta ut ein separat rekneskap for arbeida som blir utført.

Ved informasjon om og marknadsføring av friluftslivsområdet ynskjer vi at det blir vist til den økonomiske støtta frå staten ved Miljødirektoratet.

### **Informasjonstavle**

Informasjon er eit viktig tilretteleggingstiltak i friluftslivsområde. Det er eit krav at den grafiske profilen Miljødirektoratet har utvikla for statleg sikra friluftslivsområde blir nytta når det er gjeve statleg støtte til informasjonstavle. Meir informasjon om den grafiske profilen ligg på direktoratet sine nettsider.

### **Rettleiar om forvaltninga**

Gjennom sikringsprosessen tek kommunen på seg drifts- og tilsynsansvaret for friluftslivsområdet og aksepterer å fylgje dei nasjonale retningslinene for forvaltning av området. Rettleiar M-1985 *Forvaltning av statlig sikrede friluftslivsområder* ligg på Miljødirektoratet sine nettsider: Gå inn på [For myndigheter](#) på framsida, og så [Friluftsliv](#).

Vi minner om at naturmangfaldet skal forvaltast etter naturmangfaldlova sitt føremål, forvaltningsmål, prinsipp og plikt til aktsemd, jf. lova sitt kap. 1 og 2.

Helsing  
[Miljødirektoratet](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjend*

Terje Qvam  
seksjonsleiar

Heidi Grete Betten  
seniorrådgjevar

Kopi til:

Møre og Romsdal fylkeskommune  
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal  
Sunnmøre friluftsråd

Julsundveien 9  
Postboks 2520  
Kongshaugstranda 105

6412 MOLDE  
6404 Molde  
6037 EIDSNES